



# ÅRSRAPPORT

## 2022-2023

Mobbeombodet i Møre og Romsdal

Elev- og lærlingombodet i Møre og Romsdal



# Føreord

Mobbeombodet og elev- og lærlingombodet i Møre og Romsdal, heretter omtala som omboda, jobbar dagleg tett saman med barn, unge, føresette og tilsette i barnehage-, grunnskole- og vidaregåande opplæring i fylket vårt. Det gir oss ei unik innsikt i korleis mange barnehagebarn, elevar og lærlingar har det og korleis systema rundt dei fungerer.

Mange barn og unge har det bra; dei har vennar og trygge, omsorgsfulle vaksne rundt seg i barnehagen, på skolen og i lærebedrifta. Dei høyrer til i fellesskap kor dei opplever læring, meistring og medverknad. Dessverre opplever alt for mange barn og unge det motsette.

Stadig fleire tek kontakt med omboda for råd og hjelp. Vi snakkar med barn og unge som ikkje blir tatt på alvor eller trudd når dei prøver å seie i frå til vaksne korleis dei har det. Vi snakkar med barn og unge som ikkje får det betre i barnehagen, skolen eller lærebedrifta til tross for mange iverksette tiltak. Fleire elevar i Møre og Romsdal melder om mobbing på skolen<sup>1</sup>. Det har blitt både eit regionalt og nasjonalt problem at barn og unge ikkje greier å gå på skolen fordi dei ikkje har det bra der. Vi ser utslitne føresette, utslitne tilsette og eit lag rundt barn og unge som ikkje alltid spelar kvarandre gode. Vi ser eit opplæringssystem som fungerer når barn og unge klarar å tilpasse seg dei stramme rammene dei blir pressa inn i, men som ikkje er fleksibelt nok til å romme alle – heile mangfaldet av barn og unge. Det er ikkje barna det er noko gale med, det er systemet.

Vi høyrer om budsjettoverskridingar og nedskjeringar i barnehage- og opplæringssektoren og andre tenestetilbod til barn og unge. Dette har sølvsagt ein stor innverknad på tilbodet barn og unge får, men det er ikkje den einaste årsaka til det vi omboda ser. Vi erfarer at kunnskap, kompetanse, forståing, haldningar, verdiar og vilje i barnehagen, skolen og lærebedrifta, i foreldregruppa, i lokalsamfunnet, på administrativt og politisk eigarnivå – og samarbeidet mellom ulike aktørar – også spelar ei veldig viktig rolle i kva for oppvekst- og læringsmiljø barn og unge får. **Det er faktisk mykje vi kan gjere noko med her og no!**

Årsrapporten til omboda gir eit lite innblikk i omboda si verksemd barnehage- og skoleåret 2022–2023. Anbefalingane er retta mot kommunale, fylkeskommunale og private eigarar av barnehagar og skolar i Møre og Romsdal.

God lesing!

Beste helsing



**Kristin Øksenvåg**

Mobbeombod i Møre og Romsdal



**Tove Regine Stranden**

Elev- og lærlingombod i Møre og Romsdal



# Innhald

<b>2. Ombodsordningane</b>	<b>4</b>
Forankring og verdigrunnlag	4
Rolle og oppgåver	6
<b>3. Anbefalingar</b>	<b>8</b>
Eit trygt og godt barnehage- og skolemiljø	8
Systematisk arbeid med trygge og gode overgangar	8
Vidaregåande opplæring i bedrift	8
<b>4. Individ – førespurnadar</b>	<b>10</b>
Omfang	10
Kven tok kontakt?	12
Kva handla det om?	13
<b>5. Ombodsblikket</b>	<b>14</b>
Aktivitetsplikta i barnehagar og skolar	14
Overgangar	16
Lærlingar og informasjon om rettar og plikter	17
Lærlingar og medverknad i eiga opplæring	18
<b>6. Førebyggjande arbeid</b>	<b>19</b>
Dialog – medverknad – samarbeid	19
Samarbeidspartnarar	20
<b>7. Arbeid på samfunnsnivå</b>	<b>21</b>
<b>8. Veggen vidare</b>	<b>22</b>
Mål for ombodsarbeidet 2022–2023	22
<b>9. Kjelder</b>	<b>23</b>



## 2. Ombodsordningane

Omboda har som hovudoppgåve å bidra til at barn og unge i Møre og Romsdal har trygge og gode barnehagar, skolar og lærebedrifter. Alle skal oppleve å høyre til i eit fellesskap, vere inkludert og få medverke i sin eigen kvardag. Omboda har eit særleg ansvar for å passe på at barn og unge si stemme blir høyr, og at det som er best for dei blir lagt til grunn i alle vurderingar og val som vedkjem dei.

Omboda sitt arbeid er forankra i Barnekonvensjonen, FN sine berekraftsmål og nyare fagleg kunnskap.



## Fire sentrale berekraftsmål i omboda sitt arbeid

3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET



### Berekraftsmål 3: God helse og livskvalitet

God helse og livskvalitet er ein føresetnad for god utvikling. Mobbing, ekskludering og utrygge miljø verkar negativt inn på helse og livskvalitet, og derfor er det førebyggjande arbeidet ei viktig oppgåve for omboda.

4 GOD UTDANNING



### Berekraftsmål 4: God utdanning

Utdanning er ein menneskerett, og berekraftsmål 4 skal sikre ei inkluderande, rettferdig og god utdanning. Omboda møter mange barn og unge som ikkje har det bra på skolen, eller som av ulike årsaker ikkje klarer å gå på skolen. Utrygt skolemiljø og skolefråvær er risikofaktorar for å få oppfylt retten til utdanning.

10 MINDRE ULIKHET



### Berekraftsmål 10: Mindre ulikskap

Alle menneske uansett bakgrunn og forutsetninga skal få moglegheit til å delta aktivt i samfunnet og ha gode levevilkår. Omboda arbeider for at alle barn og unge i barnehagar, skole og lærebedrifter skal få høyre til, lære og utvikle seg i trygge omgivadar og få kompetanse og moglegheit til å delta i arbeidslivet.

16 FRED, RETTFERDIGHET OG VELFUNGERENDE INSTITUSJONER



### Berekraftsmål 16: Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

Ombodet skal jobbe for barn og unge sin rettstryggleik og likebehandling. Ombodet skal passe på at dei uansett bakgrunn og føresetnadar kan få lik tilgang til og medverke i velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar.



## Rolle og oppgåver

- Omboda skal gi støtte, råd og rettleiing i enkeltsaker og jobbe førebyggjande med informasjon og kompetanseheving i verksemdar, i kommunar og fylkeskommune.
- Omboda skal passe på at barn og unge si stemme blir høyrte i alle samanhengar som omhandlar kvardagen deira i barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring.
- Det er barnehage- og skoleeigar som har ansvar for at barn og unge får den opplæringa og læringsmiljøet dei har krav på. Omboda skal peike på område kor barn og unge sine rettar ikkje blir vareteke og gjennom dette bidra til å gjere kommunen og fylkeskommunen enda betre i si tenesteleveranse.
- Omboda kan kome med anbefalingar, men har ikkje mynde til å instruere eller avgjere kva verksemdar, kommune eller fylkeskommune skal gjere.
- Ombodsordningane er organisatorisk plassert i Stab for juridiske og administrative tenester. Omboda er fagleg uavhengig innanfor rammene til dei to mandata. Omboda rapporterer til fylkestinget.
- Målgruppa for omboda er barnehagebarn, elevar i grunnskole og vidaregåande skole, lærlingar, lærekandidatar, praksiskandidatar, foreldre/føresette og tilsette i private og offentlege verksemdar i opplæringsystemet.



Foto: Einar Engdahl

## Omboda jobbar på fire nivå

### Individ:

Omboda skal vere lett tilgjengelege og gi informasjon, rettleiing og støtte til barn, unge, foreldre og føresette i førespurnadar som gjeld barn og unge sine rettar til opplæring og eit trygt og godt læringsmiljø. Ombodet bidrar til gode løysingar.

### System:

Når førespurnadar viser svikt eller svakheit i systemet, arbeider omboda for at dei som har ansvaret sikrar barn og unge sine rettar. Det er barnehage- og skoleeigars ansvar å bygge forsvarlege system og god nok kompetanse i sine verksemdar.

### Barnehage, grunnskole, vidaregåande opplæring:

Omboda skal vere tett på praksisfeltet for å bidra til større innsikt i korleis betre kvardagen til barn og unge som står i vanskelege situasjonar. Hovudoppgåvene er å rettleie, gi råd og bidra med fagleg påfyll i form av fagøktar og fagdagar.

### Samfunn:

Omboda skal vere ei tydeleg stemme i samfunnsdebatten på vegne av barn og unge og belyse problemstillingar som barn og unge står i.

## Historikk og mandat

Ordninga med elev- og lærlingombod blei oppretta som ei permanent ordning i Møre og Romsdal i 2005. Mandatet for elev- og lærlingombodet vart vedteke av fylkestinget desember 2020.

Etter vedtak i Stortinget 2017<sup>2</sup> vart det hausten 2018 oppretta fylkesvise mobbeombod i heile landet. Mobbeomboda skulle samarbeide med elev- og lærlingombodet og ha barnehage og grunnskole som verkeområde. Plasseringa i fylkeskommunen skulle vareta uavhengigheit frå kommunal barnehage- og skoleeigar. Mobbeombodet har eit nasjonalt mandat med rom for lokale tilpassingar. I april 2020 vedtok fylkestinget å gjere mobbeombodsordninga til ei permanent ordning i Møre og Romsdal<sup>3</sup>. Utdanningsdirektoratet er no i ferd med greie ut korleis ei permanent mobbeombodsordning skal vere organisert og kva som skal vere mandatet for ordninga<sup>4</sup>. Den nasjonale ordninga med mobbeombod blir vidareført slik ho er no ut 2024.

# 3. Anbefalingar

Eigarane av barnehagar og skolar har ansvaret for at krava i lovverka blir oppfylte og skal sørge for at ressursane som trengs for å oppnå dette er tilgjengelege<sup>5</sup>. Omboda sine anbefalingar rettar seg derfor til **kommunen** som barnehage- og skoleeigar, **fylkeskommunen** som skoleeigar og ansvarleg for det vidaregåande opplæringstilbodet og **private eigarar** av barnehage og skole.

## Eit trygt og godt barnehage- og skolemiljø

**Kommunen, fylkeskommunen og private eigarar må sikre at**

- alle som jobbar i barnehage- og skolesektoren kjenner til og forstår regelverket om psykososialt barnehage- og skolemiljø og veit korleis dei skal omsetje det til god praksis.
- alle som jobbar i barnehage- og skolesektoren må ha ei felles forståing av kva utrygt miljø og mobbing er, korleis det oppstår, korleis følgje med på, korleis avdekke, korleis handtere og rette opp att og korleis førebygge.
- dei som jobbar i barnehage- og skolesektoren varetar barn sin rett til å bli høyr<sup>6</sup> i barnehage- og skolemiljøssaker, også dei barna eller elevane som av ulike årsaker ikkje er så lett å kome i posisjon til.
- alle som jobbar i barnehage- og skolesektoren kan utføre ei reell vurdering av barnet sitt best<sup>7</sup> i barnehage- og skolemiljøssaker.

## Systematisk arbeid med trygge og gode overgangar


**Kommunen, fylkeskommunen og private eigarar må sikre at**

- det blir utarbeidd system som sikrar gode og trygge overgangar i samsvar med ny opplæringslov som trer i kraft august 2024.
- det er eit system for å sikre at skolar tidleg nok startar arbeidet med å rigge ein god overgang til ungdomsskolen eller vidaregåande skole for elevar med stort og langvarig skolefråvær.

## Vidaregåande opplæring i bedrift

**Fylkeskommunen må sikre at**

- opplæringskontor og lærebedrifter har oppdatert kunnskap om rettar og plikter knytt til vidaregåande opplæring i bedrift, slik at **alle** lærlingane får god informasjon om sine rettar knytt til arbeidsforhold og opplæring gjennom heile læreløpet.
- opplæringskontor og lærebedrifter har gode system for at **alle** lærlingar får medverke i eigen opplæring.





## 4. Individ – førespurnadar

Ombodsordningane er eit lågterskeltilbod og tar imot førespurnadar frå barn og unge, føresette og frå laget rundt. Omboda gir råd, støtte og rettleiing ut i frå ønske og behov.

### Omfang

Stadig fleire tek kontakt med omboda for råd og rettleiing, og i år som i fjor er det ei markant auke i talet på førespurnadar. Totalt fekk vi **263 førespurnadar** barnehage- og skuleåret 2022–23; 130 førespurnadar frå barnehage og grunnskole og 132 førespurnadar frå vidaregåande opplæring. Omboda blir ofte kontakta når saker har gått føre seg over lengre tid, er komplekse og ei rekke tiltak har vore prøvd ut utan at det har lukkast å endre situasjonen til barnet, eleven eller lærlingen.



### Barnehage:

Omboda får få førespurnadar om barn som ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Vi er usikre på kva som er årsaka til det, men vi erfarer i møte med barnehageforeldre i det førebyggjande arbeidet at dei ikkje kjenner til lovverket om psykososialt barnehagemiljø, kap. VIII i barnehagelova<sup>8</sup>. Barnehagen har informasjonsplikt og skal sørge for at foreldra får god informasjon om lovverket.

### Grunnskole:

I år som tidlegare år får vi flest førespurnadar om skolemiljøet til elevar på mellomtrinnet (5.-7. trinn). Elevundersøkinga 2022/23<sup>9</sup> viser at stadig fleire elevar i Møre og Romsdal opplever å bli mobba og at førekosten er høgast på 5.-7. trinn. Ungdata junior<sup>10</sup> viser at 11 % av elevane på mellomsteget opplever mobbing (nasjonale tal). Det er også ein del barn som seier at dei ofte føler seg einsame og manglar venner. Det same høyrer vi i sakene vi blir kjende med. **Dette er ei gruppe elevar det kan vere grunn for skoleeigarar og skolane å ha eit særskilt fokus på, mellom anna i det førebyggjande arbeidet.**

### Vidaregåande opplæring i skole:

Vi ser ei stor auke i førespurnadar knytt til vidaregåande opplæring i skole, og i mange av sakene er det ungdom som av ulike årsaker står i fare for å falle ut av vidaregåande skole. Oversikt over folkehelsa i Møre og Romsdal 2023<sup>11</sup> viser at det er fleire elevar i vidaregåande skole som opplever mobbing, det er fleire ungdommar som fell ut av vidaregåande skole og talet på unge uføre er aukande.


### Vidaregåande opplæring i bedrift:

Omboda har hatt ein nedgang i førespurnadar knytt til vidaregåande opplæring i bedrift. Det er inga tydeleg forklaring på kva som kan vere årsaka til at fordelinga av førespurnadar frå vidaregåande opplæring i skole og i bedrift har endra seg. Omboda sitt informasjonsarbeid ut mot lærlingar og lærebedrifter har vore likt som tidlegare år.



## Kven tok kontakt?

### Kven tok kontakt med omboda?



#### Barnehage/grunnskole:

Det er framleis ei overvekt av føresette (59%) som tek kontakt med omboda, men vi ser ei auke i antal tilsette (29%) som tar kontakt for råd og rettleiing knytt til utfordringar i klassemiljøet.

#### Vidaregåande opplæring:

Det er i hovudsak elevane og lærlingane sjølv (67%) som tek kontakt på vidaregåande nivå for rettleiing og/eller støtte. Vi ser ein tendens til at det er føresette (22%) eller hjelpeapparatet (11%) som på vegne av ungdomen tek kontakt i saker som handlar om dårleg læringsmiljø og andre komplekse problemstillingar i vidaregåande opplæring.

## Kva handla førespurnadane om?

### Barnehage

- Barn som blir ekskludert og ikkje får høyre til i barnegruppa
- Situasjonen til eitt barn skapar utryggleik for andre barn
- Tilsette som ønskjer råd og rettleiing om kva dei kan gjere når barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen

### Grunnskole

- Vanskeleg samarbeid skole – heim
- Skolar som strever med å få tak i eleven si stemme fordi dei ikkje er i posisjon eller har tilgang til eleven, t.d. når eleven ikkje er på skolen
- Skadelege gruppedynamikkar i klassa som fører til krenkingar og mobbing
- Langvarig skolefråvær

### Vidaregåande opplæring i skole

- Informasjon om rettar og pliktar knytt til vidaregåande opplæring
- Mangelfull tilrettelegging i skolen
- Høgt fråvær og fare for fråfall
- Utrygt skolemiljø og mobbing
- Ekskludering av elevar med nedsett funksjonsevne

### Vidaregåande opplæring i bedrift

- Informasjon om rettar og plikter knytt til opplæring i bedrift
- Lærlingar som opplev mangelfull opplæring og oppfølging
- Dårleg arbeidsmiljø
- Behov for tilrettelegging grunna helseutfordringar
- Høgt fråvær



## 5. Ombodsblikket

Omboda er talspersonar for barn og unge og skal bidra til at dei får oppfylt rettane sine i barnehage, grunnskole og lærebedrift. Ombodsblikket er omboda sitt perspektiv på barn og unge si opplæring og læringsmiljø. Det er forankra i lovverk<sup>12</sup>, verdiar og prinsipp i barnehagar<sup>13</sup> og grunnopplæringa<sup>14</sup>, førespurnadane vi får og erfaringane vi gjer oss i møte med barn, unge, føresette og dei ulike systema dei er en del av.

**Vi vil i denne årsrapporten særskilt rette ombodsblikket mot tre områder:**

- Operasjonalisering av aktivitetsplikta i barnehage og skole
- Arbeid med overgangar mellom trinn eller skoler og til vidaregåande opplæring i bedrift.
- Lærlingane sin medverknad i eiga opplæring

### Aktivitetsplikta i barnehagar og skolar

Barnehagelova § 42 og opplæringslova § 9 A-4 er tydelege på kva barnehagen og skolen skal gjere når eit barn eller ein elev ikkje har eit trygt og godt læringsmiljø. Begge lovverka har vore gjeldande ei god stund, men vi ser vi framleis utfordringar knytt til operasjonalisering av aktivitetsplikta. Det får store konsekvensar for barn, unge og familiane deira og tilliten deira til barnehagen eller skolen. Ei undersøking<sup>15</sup> Utdanningsdirektoratet gjennomførte i år viser at Statsforvaltarane i Noreg ser mykje av dei same utfordringane i si saksbehandling av skolemiljøsaker.


#### Barnehagen og skolen si aktivitetsplikt

Føremål: Sikre at barn i barnehage og elevar i skolen har eit trygt og godt miljø som fremmar helse, trivsel, lek og læring, og handle raskt og riktig når eit barn eller elev ikkje har det trygt og godt i barnehagen eller på skolen.

Barnehagen og skolen skal sørge for barn og unge si medverknad, og barnet sitt beste skal vere eit grunnleggande omsyn i alle vurderingar og handlingar for å oppfylle aktivitetsplikta.

### 5 utfordringar med aktivitetsplikta – og konsekvensar

- 1. Tilsette i barnehage og skole har ikkje ei felles forståing av kva som ligg i delplikta følgje med og korleis dei skal oppfylle denne plikta**
  - » Ein tilfeldig praksis på korleis ein følgjer med på det psykososiale miljøet til barn og unge og kva man skal sjå etter kan føre til at utrygt miljø og mobbing går under radaren
  - » Barnehagar og skolar manglar rutinar for korleis ein fangar opp barn og unge med særskild sårbarheit og følgjer opp det skjerpa ansvaret dei har for å vareta desse
- 2. Snever forståing av kva ein barnehage- eller skolemiljøsak er og når aktivitetsplikta blir utløyst**
  - » Risiko for å bagatellisere barn og unge si subjektive oppleving av barnehage- eller skolemiljøet sitt
  - » Det tar for lang tid før barnehagen/skolen sett i verk aktivitetsplikta og tiltak kjem for seint
- 3. Uklar problemskildring og mangelfulle undersøkingar**
  - » Skolen har ikkje godt nok grunnlag til å vurdere og sette inn eigna og målretta tiltak som er tilpassa situasjonen
  - » Barnet, eleven og føresette får for stort ansvar i utforminga av tiltak. Det er barnehagen/skolen som er den faglege instansen
  - » Tiltaka fører ikkje til endring
- 4. Barnet/eleven si stemme er ikkje høyrtd eller skildra**
  - » Barnehagen/skolen kan ikkje gjere ei reell barnet sitt beste-vurdering
  - » Barnet/eleven mistar tilliten til vaksne/ systemet rundt seg
  - » Barnet/eleven sluttar å uttale seg
- 5. Det er ikkje gjort ei vurdering av barnet sitt beste<sup>16</sup>**
  - » Det barnehagen eller skolen gjør kan verke mot si hensikt og gjere det verre for barnet/eleven på kort eller lang sikt, sjølv om det ikkje var intensjonen
  - » Ofte kan ein eller fleire rettar barn og unge har stå opp mot ein eller fleire andre sine rettar (motstrid). Det vil vere urett og ein saksbehandlingsfeil om vektinga ikkje byggjer på ei objektiv vurdering av den einkilde sitt beste - vurdering





Å stoppe mobbing og/eller rette opp att eit utrygt miljø er ein omfattande endringsprosess som krev involvering av heile fellesskapet; bhg/skolen, foreldra og barna/elevane. Nokre gonger treng ein også hjelp frå barnehagen og skolen sitt støttesystem, som PPT og helsetenesta. Vi ser at ein slik kulturendring utfordrar barnehage og skolane sin kapasitet i form av tid, ressursar, kunnskap, ferdigheiter, haldningar, struktur og samarbeidskultur. Vi ser også at føresette kan bli oppretthaldande faktorar for utrygge miljø og bidreg ikkje til løysing. Omboda kan ikkje få understreka nok kor viktig det er å jobbe systematisk og kontinuerleg med å førebygge utanforskap og mobbing i alt ein gjer, i alle ledd, på ulike nivå heile tida!

## Overgangar

Overgangar er sårbare og kan vere vanskeleg for nokon barn og unge. Det er både store og små overgangar i løpet av barnehage- og skoletida. Omboda møter mange barn og unge som har negative erfaringar frå barnehage eller skole med seg inn i overgangen til eit nytt trinn eller ny skole. Dei kan ha opplevd utrygge miljø og mobbing, dei kan oppleve faglege og sosiale utfordringar og dei kan ha utvikla eit høgt skolefråvær. Ofte er årsaka til dei negative erfaringane samansett. For desse barna er eit systematisk arbeid og god støtte i overgangen heilt avgjerande for at dei skal kunne meistre barnehage- eller skolekvardagen sin vidare.

### Ny opplæringslov 2024

I ny opplæringslov (2024) blir arbeidet for å sikre trygge og gode overgangar frå grunnskole til vidaregåande opplæring (§ 9-5) lovfesta på lik linje overgangen frå barnehage til skole (§ 4-7).



## 5 utfordringar med overgangar – og konsekvensar

1. Det er ikkje gode nok system for å fange opp barn og unge som treng ekstra støtte i overgangen mellom trinn eller skoler
  - » Risiko for at barn og unge i overgangen og oppstarten ikkje får støtta og oppfølginga dei treng for å meistre skolekvardagen faglege og/eller sosialt
  - » Elever kan utvikle skolefråvær og retten til opplæring blir ikkje oppfylt
2. Det er ikkje gode nok system for informasjonsoverføring i overgangane
  - » Risiko for at relevant informasjon ikkje kjem fram til riktig skole/person, slik at eleven ikkje får det oppfølginga hen treng eller at tilrettelegginga kjem seint i gang
  - » Eleven mistar tillit til skolesystemet
3. Arbeidet med gode og trygge overgangar for elevar med langvarig skolefråvær startar for seint
  - » Eleven klarar ikkje å møte opp ved skolestart og fråværet held fram
4. Tiltak som blir avtalt blir ikkje alltid følgt opp ved oppstart
  - » Elev og/eller føresette mistar tilliten til skolen og trua på at skolekvardagen skal bli betre.
  - » Eleven kan utvikle fråvær og retten til opplæring blir ikkje oppfylt
5. Det blir ikkje arbeidd systematisk nok for å dekke barn og unge sitt behov for både fysisk, relasjonell, emosjonell og kulturell tryggleik i sårbare overgangar
  - » Eleven kan utvikle fråvær og retten til opplæring blir ikkje oppfylt

Tryggleik kjem ikkje av seg sjølv. Barn og unge treng trygge vaksne som lyttar, tek dei på alvor og legg til rette for at dei skal lukkast med overgangen. Ein god oppstart har mykje å seie for skolencærværet til elevane. Barnehage og skole må involvere barna, elevane og føresette i arbeidet med overgangar. Vi ser kor viktig det er med eit systematisk tryggingsarbeid over tid, slik at barn og unge får moglegheit til å bygge opp att tilliten til skolen, medelevar og vaksne. Vi ser også at ein gjennom systematisk tryggingsarbeid kan ein klare å få elevar med langvarig skolefråvær tilbake i opplæring.

## Lærlingar og informasjon om rettar og plikter

Mange av lærlingane som tek kontakt, treng informasjon om rettane sine både i høve rolla som arbeidstakar og i høve opplæring og oppfølging i bedrifta. I fleire av sakene som ombodet får, så har lærlingane fått mangelfull informasjon frå lærebedrifta om rettane sine. Det gjeld for eksempel rettar knytt til arbeidsmiljø, tilpassa opplæring og endring- og heving av lærekontrakt. Lærlingane treng god informasjon om sine rettar og plikter for å bli sett i stand til å gjere ei god vurdering av sine egne moglegheiter.

## Lærlingar og medverknad i eiga opplæring

Ombodet erfarer at ein stor del av lærlingane i liten grad får vere med å planlegge og medverke i opplæringa si. Det er ein viktig del av lærlingane si faglege og sosiale utvikling, og heilt nødvendig for å kunne tilpasse opplæringa til lærlingen sine evner, føresetnadar og behov. Gode rammer for medverknad krev bevisste lærebedrifter, og fleksible ordningar i lærebedriftene som kan tilpassast lærlingane sine behov.

### Tilpassa opplæring i bedrift

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte lærlingen. Dette inneber at alle lærlingar skal få møte faglege utfordringar dei kan strekke seg mot, og som dei kan meistre på eiga hand eller i lag med andre. Lærlingen skal sjølv delta aktivt i planlegginga av eige opplæringsløp.

udir.no




Foto: Tingh

## 6. Førebyggjande arbeid

Omboda arbeider aktivt med å spreie informasjon og kunnskap om barn, elevar og lærlingar sine rettar i barnehage, skole og vidaregåande opplæring. Vi bidrar i utviklingsarbeid gjennom erfaringsdeling og faglege drøftingar innanfor dei fagområda omboda dekker.

### Førebyggjande arbeid 2022–2023



### Dialog – medverknad – samarbeid

Systematisk og heilskapleg førebyggjande arbeid er noko av det viktigaste vi gjer for at barn og unge skal oppleve trygge og utviklande læringsmiljø. Omboda skal løfte fram barn og unge si stemme også i det førebyggjande arbeid. Deira opplevingar og utfordringar i møte med systema er viktig kunnskap for å kunne vidareutvikle gode tilbod i barnehagar, skolar og lærebedrifter. Dialog, medverknad og samarbeid er tre viktige omgrep for omboda i det førebyggjande arbeid.

## Samarbeidspartnarar

### Kommunar

- Barnehagar, grunnskolar, FAU, barnehage- og skoleeigarar
- Livet&Sånn (Ålesund kommune/Møre og Romsdal fylkeskommune)

### Fylkeskommune

- Kompetanseheving av SIM-teama i dei vidaregåande skolane
- Pilot ufrivillig skolefråvær Ørsta vgs
- Tverrfagleg arbeidsgruppe barn og unge
- Folkehelseprogrammet i kommunane
- Arbeidsgruppe ny rusplan
- Inkluderande russetid – regionalt og nasjonalt arbeid
- Elevrådskonferansen og elevmedverknad
- Arbeid med klima og miljø i vgs
- Opplæringskontora
- LO sitt ungdomsarbeid

### Nasjonalt

- Nettverk for fylkesvise ombod og deltaking i ulike arbeidsgrupper
- Utdanningsdirektoratet, Kunnskapsdepartementet
- Læringsmiljøsentret, Universitetet i Stavanger

## 7. Arbeid på samfunnsnivå

Omboda skal vere ei tydeleg stemme på vegne av barn og unge i samfunnsdebatten og belyse problemstillingar som barn og unge står i. Vi skulle helst ha vore enda meir aktive i samfunnsdebatten, men vi må i stor grad prioritere alle førespurnadane vi får inn og oppfølging av enkeltsaker.

### I 2022–2023 har omboda:

- Bidratt med høringssvar ved endringar i regelverka rundt barn og unge
- Bidratt med svar til kunnskapsminister Tonje Brenna på spørsmål om den negative utviklinga av førekomsten av mobbing i skolen
- Skrive kronikk om mobbing i barnehage
- Vore i lokale medium og løfta fram aktuelle saker og problemstillingar



## 8. Vegen vidare

Å utvikle trygge og gode barnehage- og skolemiljø er eit kontinuerleg arbeid, og omboda skal fortsette å vere ei tydeleg stemme for barn og unge inn i dette arbeidet både i fylket og nasjonalt. Vi arbeider for at **barn og unge skal oppleve å bli høyrte, anerkjent og tatt på alvor**, og for at dei skal ha trygge og kompetente vaksne rundt seg.

Omboda skal også det neste året vere ein pådrivar for at barnehagar, skolar og lærebedrifter skal **jobbe systematisk med eit trygt og inkluderande læringsmiljø**, og at elevane skal få **oppfylt retten sin til opplæring**.

### Mål for ombodsarbeidet 2023–2024

- Vere ein pådrivar for at barnehage- og skoleeigar har gode system og rutinar som varetek barnehagebarna, elevane og lærlingane sine rettar
- Vere ein pådrivar for at skolane skal jobbe systematisk med eit inkluderande skole- og læringsmiljø for alle elevar
- Følgje opp korleis kommunane og fylkeskommunen jobbar med problematikken rundt ufrivillig skolefråvær og overgangar mellom trinn og skoleslag
- Vere ein pådrivar for at elevar som ikkje har eit trygt og godt skolemiljø og har utvikla skolefråvær får oppfylt retten til opplæring
- Bidra inn i arbeidet med ei trygg og inkluderande russefeiring
- Vere ein pådrivar for at lærlingar får god og heilskapleg oppfølging om dei opplev utfordringar i læretida
- Samarbeide med andre mobbe- og elev- og lærlingombod i Noreg om bruk av barnekonvensjonen i saker som gjeld barn og unge
- Bidra i fylkeskommunen sitt arbeid med å styrke innsatsteam i dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal
- Vere ei tydeleg ombodsstemme for barn og unge sine rettar og interesser i fylket og nasjon
- Jobbe for at ombodsordningane blir berekraftige innanfor dei rammene vi rår over

## 9. Kjelder

<sup>1</sup> Elevundersøkinga 2022–23

<sup>2</sup> Innstilling nr. 289 S (2016–2017)

<sup>3</sup> Sak T9–20

<sup>4</sup> Oppdrag 2022–041 til Udir frå KD  
Mandat for ombodsordningane, tidlegare årsrapportar og anna informasjon om ombodsordningane finn de på [mrfylke.no/omboda](https://mrfylke.no/omboda).

<sup>5</sup> Barnehagelova § 9, Opplæringslova § 13–10, Privatskolelova § 5–2, Kommunelova § 25

<sup>6</sup> Barnekonvensjonen art. 12

<sup>7</sup> Barnekonvensjonen art. 3

<sup>8</sup> [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL\\_8#KAPITTEL\\_8](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL_8#KAPITTEL_8)

<sup>9</sup> [https://www.udir.no/contentassets/7f16a169e3354b5aa2b68b59beafa762/mobbing-og-arbeidsro-i-skolen-2022\\_23\\_final\\_uu.pdf](https://www.udir.no/contentassets/7f16a169e3354b5aa2b68b59beafa762/mobbing-og-arbeidsro-i-skolen-2022_23_final_uu.pdf)

<sup>10</sup> <https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/bitstream/handle/11250/3011552/NOVA-rapport-6-2022.pdf?sequence=5&isAllowed=y>

<sup>11</sup> <https://mrfylke.no/naering-og-samfunn/statistikk-analyse-og-kart/folkehelsestatistikk>

<sup>15</sup> Udir (2023): Undersøkelse av brudd på opplæringsloven kap. 9 A: Oppsummering av spørring til statsforvalter i forbindelse med oppdrag 2022–041

<sup>16</sup> <https://lovdata.no/lov/1999-05-21-30/bkn/a3>

<sup>17</sup> <https://www.dagsavisen.no/debatt/2023/06/15/hvor-er-de-ansatte-nar-barn-mobbes-i-barnehagen/>





[mrfylke.no/omboda](https://mrfylke.no/omboda)

September 2023